



Taule Bygg AS  
v/Frode Taule  
Storsteinen 3  
5911 ALVERSUND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/3814 - 20/9047

Saksbehandlar:  
Hanne Marie Evensen  
hanne.marie.evensen@alver.kommune.  
no

Dato:  
19.02.2020

## Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 445/267

Tiltak: Bruksendring og ombygging  
Byggjestad: Gbnr: 445/267  
Tiltakshavar: Aufera AS  
Ansvarleg Taule Bygg AS  
søklar:

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 31.01.2020.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Planteikningar før og etter omsøkt tiltak, samt fasadeteikningar.
2. Opplysningar om kva lokalet som skal byggjast om blir brukt til i dag.
3. Brannteknisk prosjektering. Slik kommunen vurderer tiltaket så krever tiltaket uavhengig kontroll ettersom tiltaket er plassert i risikoklasse 2 og brannklasse 2.
4. Erklæring om ansvar samt ny gjennomføringsplan må sendast til kommunen.
5. Samtykke frå Arbeidstilsynet etter arbeidsmiljøloven § 18-9 må sendast til kommunen.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 19.03.2020. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søklar om å ta ein ny

gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Hanne Marie Evensen  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

Taule Bygg AS

Storsteinen 3 5911

ALVERSUND